

Intensjonsavtalane er forkasta

Geir Toskedal (KrF) og Jan Tore Sanner (H) sine uttalar om at der framleis er håp for ulike alternativ til kommunereform og samanslåingar gjennom intensjonsavtalane er basert på ei grunnleggande mistyding. Det var nemleg intensjonsavtalane vi la til grunn då vi ta fram alternativa til folkerøysting. Då innbyggjarane sa nei, var det intensjonsavtalane dei sa nei til, og dermed er der sjølvstøtt ikkje håp om andre alternativ gjennom intensjonsavtalane. Desse avtalane er no forkasta gjennom folkerøysting, og dermed ikkje grunnlag for fylkesmennene sine annonserte, nye kommunekart. Fylkesmennene og Stortinget må no forhalde seg til kva innbyggjarane sitt syn på intensjonane, og det er at dei er forkasta. Noko anna vil føre til opprør. Utfordringa til Regjeringa no er å legge til rette for gode tilbod innanfor dei rammene som innbyggjarane har gjeve dei.

Varaordførar Kristian Fuglseth, Folkelista for Hareid kommune (73 % nei, takk)